

## Salmon Group Systems



### 1.3.1 Overordnede målsettinger for HMS og IK-Akva

Lokalitet: Eide Fjordbruk - Langøy

Oppretta: 07.05.2012 15:52

Versjon nr: 3

Revisjon: 29.11.2015 22:20

Sist revidert av: Arne Staveland

Godkjent av: Arne Staveland

## 1.3.1 Overordnede målsettinger for HMS og IK-Akva

### Forretningsidé

Eide Fjordbruk AS skal drive med oppdrett av laks og aure.

### Dei overordna måla for HMS- arbeidet

Vår bedrift skal være ein trygg og forsvarleg arbeidsplass utan ulempe for menneske eller miljø.

1. Vi skal søke å unngå einkvar uønska skade på menneske og ytre miljø, ved vår produksjon.
2. Arbeidsrelaterte sjukdomar skal unngås.
3. Ingen av våre medarbeidarar skal utsettast for unødig eller helseskadeleg eksponering.
4. Sjukefråveret skal vere minimalt.

### Dei overordna måla for Internkontrollarbeidet

Vår bedrift skal drive ein kontrollert produksjon der risiko for uønska hendingar er lavast mogleg.

1. Vi skal søke å unngå einkvar skade på utstyr og materiell ved vår produksjon.
2. Vi skal i all arbeid med fisken i vår produksjon legge til rette for god dyrehelse og dyrevelferd.

Konklusjon for våre **overordna mål** vert då som følger:

- NULL SKADER PÅ MENNESKER OG MILJØ
- NULL ARBEIDSRELATERTE SJUKDOMSTILFELLER
- NULL ULYKKER ELLER TAP
- NULL RØMMING
- GOD FISKEHELSE OG FISKEVELFERD

### Visjon

Vi skal ved etterleving av eigen HMS- og Internkontroll-politikk drive ein produksjon som tar omsyn til omgivelser, med minst mogleg inngrep og påverknader av det biologiske miljøet, og sikre god helse og velferd for fisken. Man skal likevel tilstrebe å drive optimalt økonomisk.

Man skal sikre dei tilsette ein trygg arbeidsplass, der ingen skal bli forulempet av miljøet på arbeidsplassen.

### **Strategi**

For å oppnå ein målsetting om null tap, null ulykker, null rømming, god fiskehelse og fiskevelferd og null arbeidsrelatert fråver, skal vi søke å etterkomme dei krav og forventingar som stilles til vår bedrift.

Alle i bedriften skal ha eit ansvar for å arbeide med, og ha fokus på HMS og Internkontroll.

### **Beskriving**

For å ivareta våre visjoner og strategier mhp HMS- og Internkontroll innsats og resultater, skal vi ved vårt arbeid sikre at vi:

- Etterlever lover og forskrifter, andre føringar og forordningar som myndigheitane set til vår aktivitet. Dette vil vi betrakte som minimumskrav ved vår verksemd. Våre arbeidsplasser skal vere fullt ut forsvarlege og vi skal rette vår innsats for å oppnå full trygging for våre eigne tilsette, og anna tilknytt personell.
- Etablere prosedyrar og rutinar som er naudsynt for at vår aktivitet ikkje skal skade våre tilsette, verdiar (her innunder også fisken vår), og det **ytre miljø**. Vårt arbeid skal innrettast slik at vår drift ikkje resulterer i negative konsekvenser for andre partar.
- Etablere rutinar og prosedyrar for å analysere, revidere og kvalitetssikre alle kritiske punkter i vår produksjon.